



DEN NORSKE KYRKJA

Ikorntes sokneråd

Referat frå møte i Ikorntes Sokneråd 06.05.2021

Ikorntes kyrkje kl. 19.30

- Til stades:** Erlend Lunde, Bergljot Hjortdal, Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Ingmund Eliassen og Anita Øvergård
- Sak 22/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Ingen innvendinger.
- Sak 23/21 Godkjenning av referat frå forrige møte**
Godkjent.
- Sak 24/21 «Ordning for Hovudgudsteneste i Ikorntes Kyrkje»**
Etter soknemøtet i kveld er denne godkjent. Kun med innspel om at posten «minning» må vere fast innslag.
- Sak 25/21 Givarteneste**
Vi har fått 11 nye faste givere, og er no oppe i 13 totalt. Staben på kyrjekontoret trekte vinnar av stressless m/pall, og det vart Erlend Lunde. Gratulerer! Vi sender inn til Nyss så dei får kunngjere det, samt får omtale vedr givartenesta igjen.
- Sak 26/21 Uteareal – klargjering for våren**
Anita har planta i krukkene, det er kosta og spyla. Og vi hadde dugnad med saging / rydding onsdag 5. mai. Det er gjort ein del skader på dekke/grøntareal i forbindelse med brøyting i vinter. Dette må bli ordna opp i.
- Sak 27/21 Asfaltering parkering / gangveg.**
Det er eit skrikande behov å få dette på plass. Vi bør få bestilt asfaltering samtidig med at dei tek den nye vegen. Han som var her med kostemaskina sa at det ikkje går å koste ein gong til før nytt dekke kjem på plass...
- Sak 28/21 Maur i kyrkjerommet**
Det er observert diverse forekomstar av maur oppe i salen. Her må det setjast opp «maurbokser».
- Sak 29/21 Fiksing av trapper/skifer ute**
Dette arbeidet vart så vidt påbegynt seint i haust, men stansa opp då første snøen kom. Magnar har no tatt ned eine forskalinga, og har kontakta Rune Rokstad for å få tilbake arbeidarene og få ferdigstilt prosjektet.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

Sak 30/21 Konsert / songkveld i kyrkja

Konsert søndag 9 mai kl 18 og kl 20 med Trio m/band, Hallstein, JonReidar + diverse musikarar. Soknerådet er arrangør, og tek på kort varsel på seg førehandssal av billetter for å sikre seg best mulig i forhold til reglar vedr CV19.

Magnar/Erlend tar fredag kl 18-20, og Ellen / Ingmund laurdag kl 14 – 16. Utanfor bunnpris. Nummererte plassar i kyrkja etter kart.

Vakter søndag: Bergljot Ellen og Janita kl 17 – 19.30, Anita, Magnar og Ingmund kl. 19 – 20.30.

Sak 31/21 Saman som kyrkje i heile verda

Vi er inviterte til å vere med på dette, men vi har allereie forpliktande avtaler med Kirkens Bymisjon og Midtøsten, så det er ikkje kapasitet til eitt prosjekt til i år.

Sak 32/21 Vekstmidlar kr 1.000.000.- til kyrkjelydane i Møre Bispedømme

Vi kan søke om prosjektmidlar til å stimulere til fornya aktivitet i kyrkja i 2021. Søknadsfristen er fortløpande, og vi må sende prosjektrapport tilbake innan utgangen av året.

Forslag: Kva med å søke om midlar til «kyrkjeparken» bak kyrkja for å bygge en gapahuk el liknande for å bruke som stall. Kan benyttast både til jul og til påske og lage ulike installasjonar der. Kan f.eks samarbeide med interiør-lina på vidaregåande, evt bygg- og anlegg? Søkje om for eksempel 150.000.- til prosjektet. Ref «julevandringa» som vart arrangert i 2020 i staden for Julegudsteneste, og ein kan ha ei bålpanne og bruke det til konfirmantsamlingar, eller søndagsskulen + + Mange muligheiter. Erlend vil snakke med staben om korleis dei stiller seg til ideen 😊

Sak 33/21 Rekneskapen for 2020

Ellen har avtalt med Arild om at denne kan takast- / signerast digitalt.

Sak 33/21 Markusevangeliet v/Christian Stejskal

Vi har fått tilbod om å ta imot ei multimedia-forestilling om Markusevangeliet. Christian Stejskal har planlagt norgesturne november 2021 til februar 2022, og lurar på om vi er interesserte i å ta imot han. Det er vi - Magnar sender han ein mail og bekrefter.

Neste møte: ikkje bestemt

Skrivar, Anita Øvergård